

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1419/97**av 22. juli 1997****om endring av forordning (EØF) nr. 2332/92 om musserende viner produsert i Fellesskapet og forordning (EØF) nr. 4252/88 om framstilling og markedsføring av sterkviner produsert i Fellesskapet(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

Artikkel 1

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

I artikkel 11 og 16 i forordning (EØF) nr. 2332/92⁽⁴⁾ og artikkel 6 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88⁽⁵⁾ er det fastsett eit høgste innhald av svoveldioksid i musserande vinar og sterkvinar. Etter dei førnemnde artiklane skal Kommisjonen innan 1. april 1997 leggje fram for Rådet ein rapport om dette innhaldet, saman med eventuelle framlegg. Dei tiltaka som det vert gjort framlegg om, bør vere i samsvar med andre tiltak som Kommisjonen må utarbeide utkast til. Difor bør den førnemnde fristen lengjast. Det same gjeld dei fristane som er fastsette i artikkel 4 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88 —

I forordning (EØF) nr. 2332/92 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 11 nr. 3 vert «1. april 1997» og «1. september 1997» endra til høvesvis «1. april 1998» og «1. september 1998».
2. I artikkel 16 nr. 3 vert «1. april 1997» og «1. september 1997» endra til høvesvis «1. april 1998» og «1. september 1998».

Artikkel 2

I forordning (EØF) nr. 4252/88 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 2 vert «1. april 1997» og «1. september 1997» endra til høvesvis «1. april 1998» og «1. september 1998».
2. I artikkel 6 nr. 2 vert «1. april 1997» og «1. september 1997» endra til høvesvis «1. april 1998» og «1. september 1998».

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. juli 1997.

For Rådet

F. BODEN

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 196 av 24.7.1997, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 79/98 av 17. juli 1998 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ EFT nr. C 101 av 27.3.1997, s. 22.

⁽²⁾ EFT nr. C 200 av 30.6.1997.

⁽³⁾ Fråsegn gjeven 29. mai 1997 (enno ikkje offentleggjord i EFT).

⁽⁴⁾ EFT nr. L 231 av 13.8.1992, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1594/96 (EFT nr. L 206 av 16.8.1996, s. 35).

⁽⁵⁾ EFT nr. L 373 av 31.12.1988, s. 59. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1594/96.